

## ÅRSMØTE FOR MANGER INDREMISJON OG MANGER BEDEHUS 14.02.2019

15 stk. møtte.

Formann Arvid Bauge leia årsmøtet.

Val av referent: Kirsten Mangersnes.

Formann Arvid Bauge las årsmeldinga for 2018.

Harald Haukås la fram rekneskapstala for Manger Indremisjon:

Samla inntekter for 2018:	kr 112.292,25
Samla utgifter for 2018:	kr 66.794,-
I banken:	kr 45.498,25

I tillegg kjem kontoen som vi har som skal dekkja lånet til asfaltering. På denne konto står det kr 13.368,06.

Rekneskapen for Manger Indremisjon vart godkjent.

Liv N. Mjøs la fram rekneskapen for Manger bedehus:

Samla inntekter for 2018:	kr 119.585,- (derav kr 9.000,- overført frå Manger Indremisjon)
Samla utgifter for 2018:	kr 108.869,- (derav kr 33.852,- i betalt på lånet)
I banken:	kr 60.775,-

Vi fekk kr 20.601,- i momskompensasjon.

Lånekostnaden pr. måned er kr 2.821,-.

Restlånet er på kr 107.909,- pr. 31.12.18.

Rekneskapen for Manger bedehus vart godkjent.

Val av formann og styremedlemmer:

Formann: Arvid Bauge vart attvalt som formann.

Else Marie Dale, Kirsten Mangersnes og Ivar Hjelmervik var på val og vart attvalt for 2 år.

Frå før er Bjarne Vikenes i styret.

Varamedlemmer:

1. vararepr. Liv Nyhammer Mjøs
2. vararepr. Margun Erstad

Val av valnemnd for 2020: Hildur Haukås, Jostein Dale og Sven Arne Hetlebakke.

Val av revisorar: Roald Hvidsten og Kirsten Helland.

Utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon: Else Marie og Jostein Dale. Vara: Sven Arne Hetlebakke

Matkomiteen: Hildur Haukås, Lilly Hjelmervik, Margun Erstad, Kirsten Helland og Else Marie Dale.

Val av bedehusnemnd (som ser etter bedehuset; at ting er i orden og vedlikehald): Ivar Hjelmervik og Harald Haukås.

Frå samtalen om arbeidet tar vi med:

- Møtehelga som skal vera med Odd Dubland i april: Møtet laurdagen vert på ettermiddagen kl. 16.00.
- Ønskjer at vi skal oppretta Vipps på Manger bedehus sin konto. Kirsten undersøker saka litt.
- Ønskje om å få ein ungdomsarbeidar knytta til bedehuset evt. felles med fleire bedehus. Skulle hatt eit eige ungdomsarbeid. Pr. i dag har vi ikkje ressursar lokalt til å driva ungdomsarbeid.
- Vi må ta vare på fellesskapet på bedehuset; at vi står saman.
- Ønskje om å få besøk av unge forkynnarar frå krinsen.
- Vi skulle hatt fleire nye stolar og nokre nye bord.
- Vi har litt igjen på oppussinga av møtesalen.

Kirsten Mangersnes  
referent